

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

16.04.2018

Søknad om oppretting av TAF-tilbod i Restaurant og matfag.

Fusa vidaregåande skule vil med dette søkja om oppretting av TAF-tilbod i Restaurant og matfag frå skuleåret 2019-2020. Bakgrunnen for søknaden ligg i erfaringar gjort dei siste åra, der rekrutteringa til RM-faget dverre har gått ned, trass stor etterspurnad frå næringslivet. I nært samarbeid med store aktørar i hotellbransjen ønskjer me no å få etablert eit TAF-tilbod for Kokk og servitørfaga.

Det er stor mangel på fagfolk innanfor restaurant og matfag, noko også Fylkestinget peikar på i sitt budsjettvedtak 12.des 2017 om Auka rekruttering til Restaurant- og matfag

Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg læreplass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.

Dette var tema som Fagopplæringskontoret fokuserte på i si samling 21.mars i år. Også i Bjørnefjords-området vert det satsa ekstra på turisme, og HFK-regional er inne med tilskot til Os kommune her. Fusa vgs deltok på oppstartsmøte av Bjørnefjorden Turisme på Oceana 13.mars, eit initiativ frå næringssjefen i Os.


Skulen vår har eit godt nettverk med næringslivet, der me på ulike måtar samarbeider for å utdanna dyktige fagarbeidarar, i tråd med bedriftene sine behov. Gjennom faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) har me elevar ute i praksis i fleire små og store verksemder lokalt, og dei fleste av våre elevar får lærekontrakt før dei går ut frå oss, truleg grunna dette samarbeidet, gode eksamensresultat og gode haldningars.

Tanken om TAF-RM har Fusa vgs arbeidd med ei stund og 20.nov 2017 hadde me møte med nokre bedrifter om mogeleg TAF-samarbeid, og 12.mars vart dette følgt opp med nytt møte på Fusa vgs med dei respektive hotelldirektørane og deira kjøkkensjefar. Dei er klare på at næringa treng kvalifisert personell og vil vera med og skapa desse og me kjenner oss trygge på at samarbeidsbedriftene våre vil teikna lærekontrakt med elevane. Vårt initiativ høver godt inn i det samarbeidet Fylkestinget etterspør.

Fusa vidaregåande skule har dei siste åra hatt god auke i elevtalet, med fleire primærsøkjrar enn nokon gong tidlegare, trass nedgang i elevkullet i Fusa kommune. Men me ser at rekrutteringa til RM går ned. Den same utvikling har me hatt innan både akvafag og helsefag, men den trenden vart snudd då TAF-variantane vart etablerte. Det har styrka omdømmet til dei faga og med det rekrutteringa; også til dei ordinære 2+2 faga.

Gjennom snart 20 år har skulen opparbeidd seg solid kompetanse innan TAF-tilboda, ved at me har arbeidd fram gode strukturar rundt samarbeid med bedrift og elev/lærer og integrering av elevane i skuledrifta elles. Difor har me god tru på eit utviding av tilbodet til å omfatta TAF-RM. Det ligg godt til rette for å slå TAF-gruppene saman i fellesfag og i programfaga. Det er i første omgang snakk om ca. 6 elev/læreplassar.

Vonar på positive signal slik at me kan arbeida vidare med etablering av TAF-RM frå hausten 2019.


Håvard Ragnhildstveit
Rektor